

SPORT

Nest-Sotra er best i landet

Nest-Sotra har best poengsnitt per kamp av alle lag i de tre øverste divisjonene i Norge.

14

AKTUELT

Løse takheller på ungdomsskolen

På Øygarden ungdomsskule blir elevene advart mot løse takheller som løsner i sterk vind.

3



HELLVIK HUS
Bygg med glede!

Hellvik Hus Sotra AS
Tlf. 56 31 40 60
www.hellvikhus.no

Lokalavisa for Fjell, Sund og Øygarden i 25 år

NR. 108 | 28. SEPTEMBER 2013 | ÅRGANG 25

Laussal kr. 20

Laurdag

Vestnytt 25 år



Truar med dagbøter

Innan 1. april skal den ulovlege delen av utfyllinga til Veidekke vera fjerna. Held dei ikkje fristen, kan det vanka dagbøter.

SIDE 5



Viktige funn i Porsvika

I skråninga over Sotra fiskeindustri i Porsvika har arkeologar funne piler og øksar frå den yngre steinalder, 2500 år før Kristus.

SIDE 12-13



Illustrasjonane for nordre Bildøy har så langt vore leikande og visjonære. – No må vi bli konkrete, konstaterer Roy-Eddy Lie. Illustrasjon: MIR/LINK/OPUS

Ja til Bildøy bydel

■ Etter åtte år med visjonære tankar og idear, rapportar og utgreingar om framtida på nordre Bildøy, kan eigedomssjef Roy-Eddy Lie i Liegruppen endeleg pusta letta ut.

■ – Eg er glad for at kommunestyret sa samrøystes ja, seier han. Først når Sotra-sambandet står klart, skal fjellsokningar flytta inn i nye bustader på Bildetangen.

Side 4

LOKALAVISA FOR FJELL, SUND & ØYGARDEN

VÅRT NESTE NÆRINGSMAGASIN KOMMER TORSDAG 17. OKTOBER

OLJE & TEKNOLOGI

Magasinet kommer som vedlegg til vår vanlige nyhetsavis og distribueres ekstra til alle bedrifter i Fjell, Sund og Øygarden. Opplag ca 8000.



For bestilling av annonse, ta kontakt: annonse@vestnytt.no - Tlf. 56 33 65 00

Vestnytt

TURBUSS VEST

Idrettsveien 8, 5353 Straume • post@turbussvest.no • www.turbussvest.no

Busser, minibusser & Cadillac limousine
Alt i turer til inn- og utland
Tlf. 56 31 22 00 • Vakt. 95 19 30 30



Å reise er å leve!



Sagt i kommunestyret:

Eg har alltid dette kartet og lebestiften med meg i veska

Ranveig Frøiland (Ap) trur det blir fint på nordre Bildøy

No rockar vi her

Hege Hovland (V) er nøgd med at mange tar opp spørsmål om skule under open post

Straumssundet er redusert til Straumekanal i mine augo.

Benjamin Nyborg (Frp) synest Veidekke har oppført seg uprofesjonelt

Utfyllinga i Straumekanal er eitt av dei største naturinngrepa som har vore vedteke her i kommunen. Og ei av dei mest

omdiskuterte byggjesakene.

Benjamin Nyborg (Frp)

Spretta sjampanjen for Kystbyen på Bildøy

– Eg var gjennomvåt av sveitte, smiler ein letta eigedomssjef i Liegruppen. Roy-Eddy Lie har jobba med Bildøy-planen i åtte år. Torsdag vart planen godkjent.

BILDØY: I 2005 vart den første visjonære filmen om Sotra Kystby lansert. Sidan den tid har det blitt laga rapport etter rapport.

– Eg såg for meg at det ville ta tre år å få planen ferdig, seier Lie i kantina til Liegruppen etter kommunestyremøtet torsdag, der planen vart samrøystes godkjent. Då er det lov å ta seg eit glas sjampanje eller to. Kvelden kan bli lang.

– Eg har fleksitid, opplyser Lars Oscar Lie, teknisk ansvarleg for fiskeriavdelinga i Liegruppen.

– Eg følte meg trygg på at planen var god nok, men likevel var eg våt av sveitte då eg gjekk ut døra der borte, fortel Roy-Eddy Lie.

Havforskningsinstituttet

Nordre Bildøy skal bli ein del av byen på Sotra, men bygginga startar ikkje før det nye Sotrasambandet står ferdig.

– Det er rett. Men det finst eitt viktig unntak, og det er dersom storfisken bit på, seier Lie.

Ingen MOT i kommunestyret

FJELL: Av prinsipielle årsaker seier Fjell kommunestyre nei til å sleppa organisasjonen MOT inn med representantar i Ungdommens kommunestyre (UKS). – Hadde vi synest det var greit at organisasjonar fekk plass i Fjell kommunestyre? spurte Jan Arthur Nilssen (H) retorisk. Representantane i UKS skal framleis veljast frå ungdomsskulane, vidaregåande skule og frå ungdomsklubane.

Dersom Liegruppen klarar å sula inn ein storaktør, stengjer ikkje planen for etablering før Sotrasambandet er ferdig.

– Vi har vore i kontakt med Havforskningsinstituttet. Dei treng nye areal, nemner Lie som eit konkret eksempel.

– Men det må vera ein storfisk, ein statleg eller viktig regional institusjon. Det blir ikkje bustadbygging på Bildøy med det første, understrekar han.

Storslåtte illustrasjonar

Illustrasjonane som så langt har vore laga til prosjektet, har vore storslåtte, leikande og visjonære.

– Vi har bevisst valt ulike uttrykk på illustrasjonane, for på dette tidspunktet veit vi ikkje korleis det blir. Men vi legg lista høgt, for vi ønskjer å bringa noko nytt til samfunnet, seier Lie.

– På dette tidspunktet skal illustrasjonane begeistra, legg eigedomsutviklar Jan Arthur Nilssen til.

Planen legg til rette for at det fram mot år 2040 bur om lag 6.000 menneske på Bildøy, og det er lagt til rette for 2.000 arbeidsplassar. Samtidig er det slik at det er plass til langt fleire innbyggjarar i området som planen omfattar, og utviklinga kan halda fram i åra som følgjer.

No må føtene på bakken

Både på Bildøy og på Straume har eigedomsutviklarane planar om hotell. På Bildøy drøymmer Roy-Eddy Lie om eit kulturhus og hotell i sjøkanten.

– Det er sikkert plass til to hotell her ute på sikt. Eg vil også tru at kundemassen vil vera litt forskjellig på Straume og på Bildøy, seier Lie.

På måndag startar arbeidet med neste steg for alvor. Då skal det lagast ein såkalla områdeplan for det arealet som Liegruppen har hand om. Det omfattar blant anna Bildetangen og er totalt på 330 mål.

– No er det slutt på å vera visjonær. No må vi bli konkrete, seier Roy-Eddy Lie.

MARIT KALGRAF
marit@vestnytt.no

996 32 062



Eigedomssjef Roy-Eddy Lie feira milepælen på torsdag saman med Lars Oscar Lie (t.v.) og Jan Arthur Nilssen (t.h.) i Liegruppen. Foto: Marit Kalgraf



På vestsida av nordre Bildøy ligg Bildetangen, som i dag er meir eller mindre urørt. Her skal folk bu tett i framtida. På torsdag sa kommunestyret i Fjell ja til at Bildøy blir ein urban stad. Illustrasjon: MIR/LINK/OPUS

BÅTFØRERPRØVEN START 4/10 PÅ STRAUME

Kurs og sensor er godkjent av Sjøfartsdirektoratet.

FOLKEUNIVERSITETET.NO

Folkeuniversitetet